



FORSKRIFT OM REGLEMENT FOR ORDEN OG ÅTFERD VED HARØY SKULE

Heimel

Kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskule og vidaregåande skule, jf. opplæringsloven § 9 A-10.

§1 Formål

Skulen skal vere prega av samarbeid, trivsel, respekt, medansvar og inkludering. Ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå denne målsettinga og for å sikre at skulesamfunnet skal vere ein plass der alle trivst og får høve til å gjere ein god jobb.

Generell orden og åtferd skal gi elevane gode høve til læring og utvikling. Det er difor viktig å skape eit godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette på skulen. Ei av dei viktigaste oppgåvene skulen har, i samarbeid med føresette, er å sikre at elevane skaffar seg sosial dugleik som er naudsynt for å fungere i samfunnet. På Harøy skule set vi krav til barn og unge si åtferd. God og omsynsfull åtferd bidreg til eit godt samarbeidsklima, og dette er grunnlaget for eit godt læringsmiljø. Alle skal følgje vanlege reglar i samfunnet, blant anna alminneleg god folkeskikk.

Ordensreglementet skal bidra til at elevar, tilsette og foreldre/føresette har ei felles forståing av kva som er ønska orden og åtferd i skulekvardagen.

§2 Verkeområde

I tillegg til eit felles ordensreglement, vert det gitt mynde til å gi utfyllande trivselsreglar i klassen eller trinn. Ein kan ikkje fråvike fellesreglementet. Ordensreglementet inneheld reglar for åtferd, reglar for tiltak som kan bli brukt overfor elevar som bryt reglementet, og reglar for framgangsmåten når slike saker skal bli behandla. Ordensreglementet gjeld for alle aktivitetar i skulen sin regi, uavhengig av stad. Ordensreglementet gjeld også skulevegen.

§3 Elevane sine rettar

Eit godt fysisk og psykisk skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. j.fr. Opplæringslova § 9A.

- Å bli møtt med respekt av alle
- Å få medansvar for eit trygt og inkluderande skulemiljø
- Å få hjelp til å løyse konflikhtar som oppstår som del av skulekvardagen
- Å få ei tilpassa opplæring med konstruktive tilbakemeldingar

Orden og åtfærd

§4 Elevane sine plikter

Elevane skal:

- Vise omsyn og respekt for andre.
- Halde arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga.
- Møte presis til timar og avtalar.
- Gjere skulearbeidet til avtala tid.
- Halde god orden.
- Halde skulen sitt område reint og ryddig.
- Ta godt vare på alt som høyrer skulen til, både ute og inne, og stelle fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell.
- Ta godt vare på personlege eigedelar. Unngå å ta med verdisaker til skulen.
- La sykkelen/sparkesykkelen, samt scooteren/mopeden stå parkert i skuletida, om ikkje anna er avtalt.

Dette er ikkje tillat:

- Å mobbe, krenke, skape ubehag for andre; ved t.d. utestenging, rasisme, utfrysing, baksnakking, truing og banning.
- Ha med seg eller nytte godteri og leske-/energidrikk på skulen når ikkje anna er avtalt.
- Fysiske-, voldelege- eller verbale angrep på andre.

Mobbing og vald

- Mobbing er fysiske- og/eller psykiske angrep som over tid er retta mot ein eller fleire elevar og/eller tilsette. Mobbing, vald eller truslar om vald er ikkje akseptert ved skulen.
- Skulen har eigen handlingsplan mot mobbing og vald. Ved mobbing eller vald vil både elev og offeret sine føresette bli kontakta. Ulovlege høve vil bli meldt til politiet.

Fråvær

Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Når det er forsvarleg, kan rektor etter søknad, gi den enkelte elev permisjon i inntil to veker. Elektronisk søknadskjema skal nyttast.

<https://skjema.onacos.no/alesund/skjema/skjema/ALE063/>. Fråvær utover dette er å rekne for at eleven er tatt ut av skulen. Eleven sine føresette må da dokumentere at barnet får tilsvarande opplæring i ein annan skule eller ved heimeundervisning. Dersom eleven kjem for seint utan melding eller er ulovleg borte frå skulen, vil eleven sine føresette bli kontakta.

Ein skal ha melding frå heimen når:

- Eleven skal ha planlagt fråvær frå skulen. Inntil 1 dagar til lærar, meir enn 2-10 dagar til rektor.
- Eleven har blitt hindra i å gjere heimearbeidet.
- Eleven ikkje kan delta aktivt i faga som td. kroppsøving eller symjing.
- Eleven er borte frå skulen.

Farlege gjenstandar.

På skulen sitt område er det ikkje tillate å ha med gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på andre. Unntaket er når det skal nyttast til undervisning. Gjenstandane kan bli beslaglagt av skulen. Ulovlege gjenstandar skal bli overlevert politiet. Andre beslaglagde gjenstandar blir overlevert til føresette.

Rusmiddel

Det er ikkje tillate å ha med seg eller bruke snus, tobakk, elektroniske sigarettar, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område. Ved brot på reglane vil dei føresette bli kontakta. Skulen kan beslagleggje rusmidla. Tobakk og alkohol skal bli levert eleven sine føresette. Ulovlege rusmiddel skal overlatast til politiet.

Hærverk

Forsettleg eller aktaus skade eller hærverk på skulen sin eigedom og skulen sitt utstyr, kan medføre eit erstatningskrav overfor dei føresette. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr, jf Lov om skadeerstatning §§ 1-1 og 1-2.

Elevar som driv med hærverk, kan påleggjast å rydde opp etter seg/utbetre skadar som er valda. Dette når oppryddinga består av arbeid som eleven meistrar, og arbeidet står i rimeleg høve til regelbrotet.

IKT og mobil

Viser til skulen sine eigne reglar for IKT.

Skulen sine reglar for mobilbruk.

- a. 1. -4. trinn: ingen mobiltelefon, inkludert smartklokke og liknande, utan etter avtale avtale med skulen
5.- 7. trinn: ingen mobiltelefon, inkludert smartklokke og liknande, utan etter avtale med skulen. Dersom mobilen er med skal den vere avslått og ligge i sekken.
- b. 8.- 10.trinn:
 - Mobilen skal leverast til mobilhotell i 1.time.
 - Mobilen skal kun brukast etter avtale med lærar i skuletida.
 - Inndratte mobilar skal hentast av eleven hjå rektor eller andre i administrasjonen etter skuletid.
 - Dersom ein elev fleire gongar har brote reglane for mobilbruk, blir det innkalla til samtale med føresette og vidare tiltak kan treffast bl.a. forbod mot å ha med mobilen til skulen i ei periode.

Fusk

Fusk eller forsøk på fusk får konsekvensar for vurdering/karakter i orden. Har elev fuska i ein prøvesituasjon, vil prøva verte annullert. Reaksjonsmåtar ved fusk på eksamen er regulert i forskrift om endring i forskrift til opplæringslova § 3-34. <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2020-06-29-1474>

§5 Tiltak for brot på ordensreglementet – sanksjonar

Alle sanksjonane skal vere slik at elevane skal forstå kva for reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Eleven skal, om det er mogleg, bli gitt høve til å gjere opp for seg. Brot på reglar som følgje av lov eller reglement blir sanksjonert.

Skulen vil normalt bruke følgjande sanksjonar mot brot på ordensreglane:

- Munnleg irettesetting
- Munnleg melding til foreldre/føresette
- Skriftleg irettesetting/åtvaring
- Skriftleg melding til foreldre/føresette. 5.-10. klasse: Ved 5 brot på orden/åtferd vert det sendt brev heim.
- Inndraging av gjenstandar som vert brukte på ein farleg eller provoserande måte. Inndregne gjenstandar kan leverast attende til foreldre/føresette
- Pålegg om å utføre oppgåver for å rette opp skade dei har påført skulen sin eigedom (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging og liknande)
- Vere til stades på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar med lærar/rektor og/eller utføring av pålagte oppgåver
- Mellombels eller permanent klassebytte
- Individuelt undervisningsopplegg
- Nedsett karakter i orden og åtferd

Bortvising

Ved bruk av vald og/eller truslar, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevar visast bort frå klassen eller gruppa. (jf Opplæringslova § 9 A-11). Skulen tek kontakt med heimen i slike saker.

Eleven kan visast bort

- Frå klassen/gruppa for resten av timen
- Frå skulen for resten av skuledagen etter avgjerd av rektor
- Frå skulen for inntil 3 dagar for 8. – 10.årstrinn
- Når ein elev hindrar andre elevar si læring og nektar å ta imot beskjed frå lærar, kan skulen kontakte føresette som anten må ta ansvar for eleven i klasserommet, eller ta eleven med heim.

Straffbare høve

Ut frå omsynet til orden på skulen, ivaretaking av elevane og dei tilsette, og som normgivande signal, skal straffbare høve meldast til politiet. Det kan dreie seg om nasking, tjuveri, ran, rasisme, vald, valdtekt, utuktig omgang med mindreårige, lekamsskading, narkotika, utpressing, tvang, hærverk/skadeverk, trugslar og medbringning/bruk av våpen. Forholdet vil bli meldt til politiet uavhengig av om offer er elev eller tilsett. Rektor skal informere eleven sine føresette før melding blir

utforma. Rektor må i kvart enkelt høve vege omsynet til den enkelte elev opp mot skulen sitt generelle ansvar for oppseding, før grunnlag for melding til politiet blir gitt.

§5 Sakshandsaming

Sanksjonar som vert regulert i ordensreglementet har heimel i opplæringsloven § 9 A-10, samt reglane for handsaming i Forvaltningslova kap III – kap VI ved enkeltvedtak.

Ved avgjerd som ikkje er enkeltvedtak, skal følgjande sakshandsamingsreglar uansett gjelde:

- Skulen pliktar å sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg, og avgjerda skal treffast på eit grunnlag som er forsvarleg etter art og karakter av saka.
- Eleven skal varslast og få relevante opplysningar i saka med høve til å uttale seg før avgjerda treffast. I alvorlege saker skal føresette bli kontakta. Varslet kan bli gitt munnleg, men ved avgjerd av særleg vekt, bør varselet bli gitt skriftleg.
- Avgjerda bør grunngjevast, og avgjerd om utvisning eller beslag av mobiltelefon skal alltid grunngjevast. Grunngjeving skal bli gitt samstundes med varsel om avgjerd til eleven, med mindre særskilte tilhøve gjer dette vanskeleg. Grunngjeving kan bli gitt munnleg, men ved saker av særleg vekt bør grunngjevinga skje skriftleg.

Ved gjentakande brot vil skulen kontakte andre relevante instansar som td. helsesøster og barnevern.

Reglementet for orden og åtferd, både det kommunale og lokale trivselsreglar, skal gjerast kjent for elevar, føresette/foreldre og tilsette kvart år ved starten på skuleåret. Dette ansvaret ligg på kontaktlærar. Reglementet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på skulen/kommunen sine nettsider.

Denne forskrifta trer i kraft 01.09.2020.

Tilbakemelding til Harøy skule om mottatt

FORSKRIFT OM REGLEMENT FOR ORDEN OG ÅTFERD VED HARØY SKULE

Heimel

Dette ordensreglementet er gitt med heimel i opplæringsloven § 9 A-10.

Denne forskrifta trer i kraft 01.09.2020.

Reglementet for orden og åtferd, både det kommunale og lokale trivselsreglar, skal gjerast kjent for elevar, føresette/foreldre og tilsette kvart år ved starten på skuleåret. Dette ansvaret ligg på kontaktlærer. Reglementet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på skulen/kommunen sine nettsider.

Skulen har orientert foreldra om ordensreglane og alle foreldra har fått ordensreglane skriftleg.

Tilbakemeldinga gjeld:

Elev:..... Fødselsdato:..... Klasse:.....

Vi har blitt orientert om ordensreglane, fått dei skriftleg og sett oss inn i dei:

.....

Dato

.....

Foreldre / føresette